

ÅRSMELDING 2022

AURLAND JAKT OG FISKELAG – SMÅBÅTUTVALET

Årsmøtet i Aurland Jakt og Fiskelag vart halde 10. mars 2022 i lagshuset på Onstad- i dette også småbåtutvalet med eiga årsmelding.

Småbåtutvalet har vore samansett slik 2022:

Hallgeir Høydal	leiar
Bjørn Ebne	medlem
Dag Sviggum	medlem

Utvalet vart utvida med eit medlem på årsmøtet 2022

Mellombels arbeidsgruppe

I tillegg til utvalet har John Bekkedal, Jan Inge Magnussen vore med i den mellombels arbeidsgruppa som vart oppretta i samband med oppgraderingar i hamna. I 2022 har dette for det meste handla om utskifting av brygge 1 (brygga for store båtar). Her vil det bli utarbeida eit eige dokument når alt arbeidet som fylgde av denne utskiftinga er avslutta.

Møter og aktivitet i utvalet:

Småbåtutvalet har hatt nokre møter dette året for å diskutere konkrete gjeremål i hamna og vurderingar av materielle tilstandar i hamna.

Lang venteliste og moglege løysingar for fleire båtplassar har vore og er framleis ei hovudutfordring, fleire løysingar har vorte diskutert.

Med omsyn til framtidige prosessar knytt til oppgradering av Aurland Småbåthamn og krav som i dag er gjeldande, har småbåtutvalet framleis brukt ein del tid på å finne fram til, og gjere seg kjend med dokument og innhald tilbake til då småthamna vart realisert. Dette for at ein så langt som mogleg kan ta omsyn til og vere budd på ulike utfordringar som kan kome fylgje av slike prosessar.

Frå årsmeldinga 2021 – langsiktig avtale med Aurland kommune

Aurland Jakt og Fiskelag forvaltar, administrerar og driftar Onstad småbåthamn for Aurland kommune som er eigar av området hamna er etablert på. Dette er basert på vedtak i Aurland formannskap i sak 125/80. Aurland Jakt og Fiskelag har investert i all infrastruktur i hamna. Ut over dette vedtaket synest det ikkje å ligge føre ein langsiktig og formell avtale mellom Aurland kommune og Aurland Jakt og Fiskelag. Ein slik avtale er etter styret i Aurland Jakt og Fiskelag sin oppfatning naudsynt å få etablert før ein gjer nye og omfattande investeringar i hamna.

Med bakgrunn i dette bad Aurland Jakt og Fiskelag om møte med Aurland kommune – ordførar og rådmann. Møte vart gjennomført 05. november 2021 med Aurland kommune med ein representant for teknisk eining, samt advokat Ivar Winjum. Småbåtutvalet møtte for Aurland Jakt og Fiskelag

I møtet kom det fram at det var ein del utfordringar vedrørande eigedomstekniske spørsmål som måte avklarast før avtale kunne etablerast. Aurland kommune var positive til etablering av avtale.

Aurland kommune skulle iverksetje denne prosessen som eigar av området, etter dette møtet har ein

ikkje motteke noko frå Aurland kommune, men på forespørsel vert det opplyst at prosessen er i gang ved bruk av eksternt firma. Det synest som at heile prosessen har stogga opp, Aurland kommune opplyste at det eksterne firma ikkje hadde fullført, og at kommunen skulle vidareføre prosessen og gjennomføre oppretting av eige gards og bruksnummer på hamna. Det har skjedd lite i denne prosessen i 2022.

I og med at denne prosessen stogga opp og ein var av den oppfatning at utskifting av brygge 1 ikkje burde bli utsett, måtte ein til slutt setje i verk utskiftinga. Det vart ei stor investering utan at avtalen med Aurland kommune kom på plass.

Dugnad

Det vart gjennomført 2 dagar med organisert dugnad i løpet av 2022, 5. og 6. september. Formålet med dugnaden var å klargjere hamna for utlegging av ny brygge. Det kom og fleire andre oppgåver til som ikkje var med i plan frå starten av. Den største enkeltsaka her var utskifting av alle elektriske kablar som gjekk i sjø til lysmastene på bryggene. Nye kablar vart lagt frå skåpet på land og ut til kvar brygge, i tillegg til eksisterande kablar til straum. På grunn av dette og krav til konstruksjon av anlegget vart det relativt mykje arbeid knytt til det elektriske anlegget. I denne samanheng er det to personar eg vil nemne særskilt Kåre Jan Sørheim og Dag Sviggum som gjorde dette arbeidet på dugnad, og sparte laget for nesten alle arbeidsrelaterte kostnader.

Som nemnd under økonomi vart tre av dei gamle bryggeseksjonane teke vare på og flytt slik at dei kunne fungere som gjestebrygge/tilkomstbrygge. Her står det att noko arbeid, mellom anna å støype landfeste til landgang ut på brygga, AJF har landgang liggande som truleg kan brukast, Bjørn Ebne, Dag Sviggum og Jan Inge Magnussen har gjort det meste av arbeidet på dette bryggeprosjektet. Prosjektet vil bli ferdigstilt i løpet av våren.

I tillegg har majoriteten av båtplassleigarane på brygge 1 vore med på dugnad ein dag og nokre 2 dagar.

Økonomi

Her viser ein i utgangspunktet til rekneskapen i AJF, men kostnaden på ny brygge slik den ligg i hamna i dag er kr. 867.995,-. Tre av dei gamle bryggeseksjonane vart nytta til ny mellombels gjestebrygge/og tilkomstbrygge. Denne brygga har peleføring og jobben med å få på plass pelane kom på kr. 10.000,-

På årsmøtet 2022 vart det sett av kr. 500.000,- av laget sine midlar til utskifting av brygge 1. Resten av summen skulle styringsgruppa/prosjektgruppa skaffe sjølv, det vil sei om lag kr. 400.000,-.

Dessverre viste det seg at det var vanskeleg. Det vart sendt skriftlege søknadar til Aurland Hamnevesen og Aurland kommune på maksimalt kr. 400.000,-. Svaret frå begge var negativt. Som ei mellombels løysing vart det søkt om eit kortsiktig lån i Sogn Sparebank på same sum. Sogn Sparebank gav tilsagn på lånet, men lånet vart ikkje nytta pga internorganisatoriske tilhøve i AJF. For å få betalt TriaMarina som leverandør av brygga, vedtok styret å ta også denne summen frå eigenkapitalen til laget.

Leige for båt plassar 2022 er i fylgje resultatrekneskapen kr. 184.000,-
Leige av slipp 2022 blir fakturert i april.
Nokre kundefordringar som må gjennomgåast .

Båt plassar og tildeling, båtopptrekk og flytebrygger

Tal båt plassar er det ingen endring på, ventelistene er lange, 30 - 40 registrerte søkarar til ei kvar tid, oppseiingar og tildelingar vert gjort skriftleg.

Båtopptrekket har vorte nytta i mindre grad dette året, organiseringa av bruken har vore som tidlegare år. Inntektene er og av den grunn minimale, og faktura er ikkje sendt ut enno, men vil bli gjort samtidig med ny fakturering av båt plassleige for 2023

Framover

I tida framover er det mange avklaringar som må gjerast og tiltak setjast i verk, desse vil ein kome tilbake til i skriftleg form.

For styret i Aurland Jakt og Fiskelag og Småbåtutvalet som underutval er det viktig med fullmakt frå årsmøtet til å gjennomføre naudsynte aktivitetar med det føremål å forbetre og heve kvaliteten på Aurland småbåthamn til beste for medlemar og båt plassleigarar.

For Aurland Jakt og Fiskelag og småbåtutvalet er det viktig at ein så langt det er råd greier å halde eit prisnivå for leige av båt plassar som ikkje fungerer ekskluderande for innbyggjarar som ynskjer båt plass.

Prioriterte arbeidsoppgåver i 2023

1. Alle båt plassane vil bli gått over og båt plassane blir justert til korrekt breidd og merka
2. Ferdigstille gjestebrygge/tilkomstbrygge med landfeste og landgang.
3. Gå gjennom og rydde i utstyr som ikkje skal nyttast både i sjø og på land.
4. Skifte bord på bryggene langs mur ved lagshus/slipp
5. På same brygge få etablert trygg tilkomst til brygga
6. Etablere avtalebasert leigesystem på båt plassane

For
Aurland Jakt og Fiskelag
Småbåtutvalet
Hallgeir Høydal
Leiar